



Røttingøy er ved kai att i Uskedalen

Ein gamal kjenning er no på plass att ved kai hos Eidsvik for ordinært vedlikehaldsarbeid.

Det er ein fiskebåt som ikkje berre er bygd her men som også har gått gjennom ein totalreparasjon og seinare forvandling i Uskedalen - frå raud trålar med namnet Paula til grøn ringnotsnurpar med namnet Røttingøy. Eigar er Dales Rederi i Os og historia er så spesiell at vi tek eit lite attendeblick:

* Paula vart bygd for eit irsk rederi og levert for 19 år sidan som byggjenummer 51 frå Eidsvik.

* Vinteren 2004 kom båten attende hit for total renovasjon etter havari. Det som skjedde var at båten sokk ved kai i Måløy. Nokre opne botnventilar var årsaka og berre taket på styrehuset stakk opp. No vart det full ombyggjing med ny maskin, nytt utstyr og ny innreiing og i 2005 framsto båten som ny.

* I 2011 vart den kjøpt attende til Noreg av Dales rederi til erstatning for den gamle fiskebåten Røttingøy som seinare er seld til Kypros. Grunnen til kjøpet var ynskje om større fart og lastekapasitet, som vart auka med 50 prosent. Dermed kan den fastsette kvota fiskast på færre turar.

* Ombyggjingja kosta 10 millionar. Medan den irske fiskaren satsa på fiske av botnfisk med trål ville Dale satsa på pelagisk fiske med ringnot. Ombyggjingja tok noko lenger tid enn berekna fordi reiarlaget fekk lyst til å gjera meir med båten enn opprinneleg bestemt.

Og då var det praktisk å få gjort alt ved Eidsvik. Båten er 7 meter lengre og 2 meter breiare enn den gamle.

* Røttingøy har 9 mann ombord, men det er alltid nokon på land og totalt mannskap er 14.

* Astrid Dale opplysar til uskedalen.no at båten sist har dreve fiske etter lodde i Barentshavet. Opphaldet hos Eidsvik tek truleg ei veke men så vert det ikkje meir fiske for Røttingøy før til hausten - truleg i september. Det er rett nok eit alternativ med fiske ved Island, men det er høgst usikkert, seier leiaren for Dales Rederi.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen